

## Bestemors bananar



**Global Storybooks**

[globastorybook.net](http://globastorybook.net)

**Bestemors bananar**





This work is licensed under a Creative Commons  
Attribution 3.0 International License.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/>



- ☞ Ursula Nafula
- ☞ Catherine Groenewald
- ☞ Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

III 4

nytorsk un







Kjøkkenhagen til bestemor var full av durra, hirse og maniok. Men best av alt var bananane. Sjølv om bestemor hadde mange barneborn, visste eg i all løyndom at eg var favoritten hennar. Ho inviterte meg ofte heim til seg. Ho fortalte meg òg små løyndomar. Men det var éin løyndom ho ikkje delte med meg: kor ho mogna bananane.

Seinare den kvelden sende mor, far og bestemor bod etter meg. Eg visste kvifor. Då eg la meg til å sova den natta, visste eg at eg ikkje kunne stela igjen, ikkje frå bestemor, ikkje frå foreldra mine, og definitivt ikkje frå nokon andre.

Ein dag såg eg ei stor stråkorg som stod plassert utanfor huset til bestemor. Då eg spurde kva ho var meint for, fekk eg svarer: «Det er den magiske korga mi.» Ved sida av korga var det flerre bananblad, som bestemor sunde fra tid til annan. Eg var nysgjerrig: «Kva brukar du blada til, bestemor?» spurde eg. Det einaste svarer eg fekk, var: «Dei er dei magiske blada mine.»

Neste dag var det marknadsdag. Bestemor stod tildegg opp. Ho tok alltid med moden bananar og manioik for å selja på marknaden. Eg skundaa meg ikkje for å vitja henne den dagen. Men eg kunne ikkje vika una hegne veldig lenge.







Det var så interessant å sjå på bestemor, bananane, bananblada og den store stråkorga. Men bestemor sende meg av garde til mamma for eit ærend.



«Bestemor, ver så snill, la meg få sjå på medan du førebur ...» «Ikkje ver så sta, jenta mi, gjer det du har vorte bede om», insisterte ho. Eg sprang av garde.

Neste dag medan bestemor var i kjøkkenhagen og plukka grønsaker, sneik eg meg inn og titta på bananane. Nesten alle var modne. Eg kunne ikkje la vera å ta ein klase med fire. I det eg lista meg mot døra, hørde eg bestemor hosta utanfor. Eg rekte så vidt å gøyma bananane under kjolen og gjekk forbi henne.

Då eg kom tilbake, sat bestemor utanfor,  
men med verken korga eller bananen.  
«Bestemor, kor er korga, kor er bananen,  
og kor ...» Men det einaste svareret eg fekk,  
var: «Dei er på den magiske staden min.»

Neste dag, då bestemor kom for å vitja  
mor mi, skunda eg meg av garde til huset  
hennar for å sjekka bananane ein gong til.  
Det var ein klase veldig modne bananar  
der. Eg tok ein og gøynde den i kjolen  
min. Etter at eg hadde dekt korga, gjekk eg  
bak huset og åt den fort. Det var den  
søteste bananen eg nokosinne hadde  
smakt.





To dagar seinare bad bestemor meg om å henta stokken hennar frå soverommet. Så snart eg opna døra, vart eg møtt av den sterke lukta av modne bananar. I det inste rommet var den store magiske stråkorga til bestemor. Han var godt gøymd av eit gammalt teppe. Eg løfta det og lukta på den vedunderlege angen.

Stemma til bestemor skremde meg då ho ropte: «Kva held du på med?» «Skund deg og ta med stokken.» Eg skunda meg ut med stokken hennar. «Kva er det du smiler for?» spurde bestemor. Spørsmålet hennar fekk meg til å innsjå at eg enno smilte over oppdaginga av den magiske staden hennar.